



Ladestasjonen ved REMA på Husnes er laga for alle elbilar uansett bilmerke.

Harald Sætre frå Arna og med leileghet i Uskedalen, fronta ei sak før påske. Uskedalen bør ha ein ladestasjon for elbilar, med den grunngeving at Uskedalen er ei sentrumsbygd og at plassen for lading har mykje å sei for kor du handlar. Kenneth Ingvaldsen i Kvinnherad Energi fortel at ladestasjonane i Kvinnherad vert lite brukte. Kostnaden med installering er heile kr. 450.000,- for kvar stasjon.



[Harald Sætre ser gjerne at det vert installert ein hurtigladestasjon ved SPAR i Uskedalen.](#)

Harald Sætre har elbil, kjøpt på Rødsten i Herøysundet. Familien har hytte i Stardalen i Sunnfjord og leileghet i Uskedalen. Med ny elbil og ny teknologi når han lagt på ei lading. På vegen frå Arna til Kvinnherad, har han høve til å lada på tre ulike plassar, og det er før han kjem til Rosendal. Det er nemleg montert hurtigladar i rundkøyringa på Trengereid, ved butikkane på Bjørkheim og ved butikkssenteret i Eikelandsosen. Han vil helst handla i Uskedalen, men ser at det ofte vert handling på dei plassane der det er ladestasjon.

Kenneth Ingvaldsen stadfestar at montering av hurtigladar er kostbart. Bruken er mindre enn forventa, i snitt 2 gonger dagleg i Rosendal, 3 gonger på Husnes. Brukarane er for det meste turistar og tilreisande. Fastbuande ladar heime på natta.

Kostnaden med ein fleksiladar er langt lågare. Kommunen har denne ordninga på sine helsesenter med tanke på alle sonebilane. Vi kjenner ikkje kostnaden med ein fleksiladar.



[På Butikksenteret på Husnes i P garasjen er det eit vanleg straumuttak for EI-bil.](#)

Fylkeskommunen var i si tid med på plassering av ladestasjonar for å få på plass eit ladenettverk i fylket. Det vart difor t.d. installert ladestasjonar i Etne, Norheimsund, Odda, Eidfjord og Rosendal. Investeringa vart gjort i eit spleiselag der Fylket gjekk inn med kr. 250.000,- , kommunen og Kvinnherad Energi kvar med kr. 100.000,- Selskapet Grønn Kontakt er ansvarleg for drifta i Kvinnherad på vegne av Kvinnherad Energi.

Rosendal har ein rein hurtigladar. Husnes har det same, men her er det også høve for fleksilading, noko som vil sei at alle elbilar uansett bilmerke kan bruka ladestasjonen.

Det er naturleg at saka vert drøfta på neste styremøte i Uskedal Utvikling.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal



På si reise frå Arna til Uskedalen kan Sætre lada på fire ulike plassar, berre ikkje i Uskedalen.